

Saksbehandlar: Jenny Ellaug Følling, Fylkesordføraren  
Sak nr.: 19/4661-1

## **Årsmelding skuleåret 2018/2019 Mobbeombodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

### **Fylkesordføraren rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Årsmelding for skuleåret 2018/2019 frå mobbeombodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.

### **Vedlegg:**

Årsmelding skuleåret 2018/2019 Mobbeombodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Fylkestinget vedtok 17.04.18 å opprette mobbeombod for barnehage og grunnskule (prøveperiode). Ei mellombels stilling vart deretter oppretta, då for perioden 1.08.2018 – 31.12.2019. Alle fylkeskommunar har oppretta tilsvarende stillingar, og alle har tilsett ombod.

1.02.2019 opplyste Kunnskapsdepartementet at ein utvider prøveperioden for mobbeombod utover 2019 og at ein vil evaluere ordninga innan sommaren 2020.

Fylkesrådmannen vil i lys av dette, i eiga sak til FU/FT, tilrå å utvida nemnde stilling – førebels ut 2020.

Det er ikkje stilt krav om at mobbeombodet skal utarbeide eigen årsrapport. Fylkesrådmannen har difor – i fylkesutvalet – foreslått at ombodet vårt bør utarbeide ei slik melding, mellom anna fordi ein då vil ha eit betre grunnlag for å evaluere ordninga. Fylkesutvalet aksepterte dette.

Det er den formelle bakgrunnen for at vedlagde melding no vert førelagt fylkestinget.

Årsmeldinga vert framlagt direkte i fylkestinget, i fylkesordføraren sitt namn. Dvs. etter mønster den handsaminga vi gjev tilsvarende melding frå elev- og lærlingeombodet for vidaregåande opplæring.